

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK A 174



# UNDERVISNINGSTATISTIKK

1965-66

HEFTE II

FOLKEHØGSKOLAR

EDUCATIONAL STATISTICS

1965-66

Volume II

Folk High Schools

STATISTISK SENTRALBYRÅ

OSLO 1966



U t k o m e n   f ø r

Skolevæsenets tilstand 1888 NOS III 121, 1889 III 175, 1890 III 195, 1891 III 212, 1892 III 224, 1893 III 261, 1894 III 271, 1895 III 319, 1896 III 334, 1897 III 337, 1898 IV 20, 1899 IV 48, 1900 IV 84, 1901 IV 96, 1902 IV 114, 1903 V 5, 1904 V 27, 1905 V 73, 1906 V 81, 1907 V 115, 1908 V 130, 1909 V 163, 1910 V 218, 1911 VI 35, 1912 VI 67, 1913 VI 82, 1914 VI 144, 1915 VII 1, 1916 VII 26, 1917 VII 60, 1918 VII 100, 1919 VII 116, 1920 VII 136, 1921 VII 150, 1922 VII 172, 1923 VII 187, 1924-25 VIII 18, 1925-26 VIII 66, 1926-27 VIII 90, 1927-28 VIII 128, 1928-29 VIII 163, 1929-32 IX 45, 1932-34 IX 80, 1934-35 IX 106, 1935-36 IX 156.

Skolestatistikk 1936-37 NOS IX 185, 1937-38 IX 199, 1938-39 X 14, 1939-40 X 39, 1940-41 X 64, 1941-42 X 81, 1942-43 X 96, 1943-44 X 142, 1944-45 X 158, 1945-46 X 189, 1946-47 XI 30, 1947-48 XI 95, 1948-49 XI 111, 1949-50 XI 164, 1950-51 XI 170, 1951-52 XI 164.

Undervisningsstatistikk 1952-53 NOS XI 222, 1953-54 XI 264, 1954-55 XI 296, 1955-56 XI 315, 1956-57 XI 343, 1961-62 A 51, 1962-63 II A 78, 1963-64 II A 98, 1964-65 II A 123.

## I n n h a l d

Side

### O v e r s y n

Omfang og opplegg .....	5
Skolar og undervisningstid .....	5
Lærarar .....	6
Søkjarar og opptekne elevar .....	7
Elevar etter kurs, kjønn og alder .....	7
Elevar etter heimstad .....	8
Elevar etter yrket til forsyrgjar .....	10
Elevar etter tidlegare og planlagt vidare skolegang .....	11

### T a b e l l a r

I. Folkehøgskolar etter art av hovudkurs, kven som driv skolen og skolefylke .....	15
II. Lærarar etter utdanning, kjønn og skolefylke .....	16
III. Søkjarar i alt og søkjarar som fekk tilbod om plass etter kjønn og skolefylke .....	17
IV. Elevar etter alder, kjønn og skolefylke .....	18
V. Elevar etter alder, kurs og skolefylke .....	19
VI. Elevar etter kjønn, bustad og skolefylke .....	20
VII. Elevar etter heimstadsfylke og skolefylke .....	21
VIII. Elevar etter art av heimstadkommune, kjønn og skolefylke .....	22
IX. Elevar etter yrket til forsyrgjar, kjønn og skolefylke .....	23
X. Elevar etter art av heimstadkommune og yrket til forsyrgjar .....	25
XI. Elevar etter tidlegare skolegang, kurs og kjønn .....	26
XII. Elevar etter tidlegare almennskole, kjønn og heimstadsfylke .....	27
XIII. Elevar etter tidlegare fagskole, kjønn og heimstadsfylke .....	28
XIV. Elevar etter planar om vidare skolegang, kjønn og tidlegare skolegang .....	29
XV. Elevar med planar om vidare skolegang ved fag- og yrkesskolar hausten 1966 etter skoleslag, kjønn og tidlegare skolegang .....	30
XVI. Elevar etter planar om vidare skolegang og yrket til forsyrgjar ...	31
XVII. Elevar med planar om vidare skolegang ved fag- og yrkesskolar hausten 1966 etter skoleslag og yrket til forsyrgjar .....	32

## O V E R S Y N

### Omfang og opplegg

Statistikken har med alle skolar som går inn under lova om folkehøgskolar frå 28. juli 1949, det vil seia fylkesskolar, folkehøgskolar og private ungdomsskolar som er godkjende til å få rikstilskott. På same vis som i lova, er folkehøgskolar her nytta som ei fellesnemning på desse tre skoleslaga. Dei har alle til føremål å gje vaksen ungdom vidare ålmenndaning.

Til statistikken er det henta inn oppgåver på to skjema - ei samleoppgåve for den einskilde skole (Vedlegg 1) og ei individualoppgåve for kvar elev (Vedlegg 2).

På skoleskjemaet er det bede om oppgåver over talet på søkjarar til hovudkurset, talet på søkjarar som fekk tilbod om plass på skolen og talet på lærarar pr. 1. oktober 1965. Dessutan er det på skjemaet stilt spørsmål om undervisningstida, stipend og talet på kursdagar i førre skoleåret for andre kurs enn årskurset. Diverre var det ikkje mogleg for skolane å gje fullgode svar på dei to siste spørsmåla. Byrået har difor ikkje utarbeidd nokon statistikk over stipend og over kursdagar utanom årskurset.

Individualoppgåve er fylt ut av alle som var elevar på folkehøgskolane pr. 1. oktober 1965. Ein har bede kvar elev gje opplysningar om fødselsdato, heimstadkommune, bustad i skoleåret og hovudyrke eller leveveg til forsyrgjaren. Elevane har og gjeve oppgåver over kva for skolar eller kurs dei har fullført tidlegare og kva for planar dei har om vidare skolegang etter avslutta folkehøgskole.

### Skolar og undervisningstid

Det var i alt 74 folkehøgskolar som var i drift i skoleåret 1965-66. Av desse vart 15 drivne av fylkeskommunane, 30 av ymse kristeleg organisasjonar og 29 av faglege og humanitære organisasjonar, høgskolelag, ungdomslag og andre.

Ved alle skolar som var i gang hausten 1965, vart det teke opp elevar til ordinære årskurs, det vil seia kurs med ei undervisningstid på minst 24 veker. Fem av skolane hadde berre førsteårskurs. Dei andre 69 skolane hadde både første- og andreårskurs.

Undervisningstida i folkehøgskolane har auka mykje dei seinaste åra. På årskurset 1965-66 var det såleis mest vanleg med 33 skoleveker. Heile 71 skolar hadde kurs med denne lengda. For fem år sia låg veketalet i gjennomsnitt på 25, og ingen skolar hadde den gongen så lange kurs som 33 veker.

## Lærarar

Den 1. oktober 1965 var det i alt tilsett fast eller mellombels 736 lærarar ved folkehøgskolane. Dette er fire prosent meir enn eitt år før.

Tabell 1. Lærarar ved folkehøgskolane

Skoleår	Lærarar i alt	Lærarar i heil post			Timelærarar		
		I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
1960-61 .....	597	413	268	145	184	99	85
1961-62 .....	633	457	287	170	176	113	63
1962-63 .....	661	480	300	180	181	104	77
1963-64 .....	679	493	315	178	186	96	90
1964-65 .....	710	512	336	176	198	104	94
1965-66 .....	736	525	342	183	211	102	109

71 prosent av lærarane var tilsette i heil post, medan 29 prosent hadde time-lærarpost. Om lag 60 prosent av lærarane var menn. Av lærarar i heil post hadde 45 prosent lærarprøve, 34 prosent var faglærarar med godkjend lærar-utdanning, og 15 prosent var lektorar eller adjunktar. 6 prosent av lærarane hadde ikkje godkjend pedagogisk utdanning.

Tabell 2. Lærarar i heil post etter utdanning

Utdanning	Lærarar			Prosent		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
Lektorar og adjunktar .....	78	73	5	15	21	3
Lærarar med godkjend utdanning (lærarprøve) .....	236	204	32	45	60	17
Faglærarar med godkjend utdanning .....	181	53	128	34	15	70
Lærarar eller faglærarar utan godkjend utdanning ....	30	12	18	6	4	10
I alt .....	525	342	183	100	100	100

Det er etter måten stor skilnad i utdanninga til mannlege og kvinnelege lærarar. Såleis hadde 60 prosent av dei mannlege lærarane i heil post lærarprøve, medan berre 17 prosent av kvinnene hadde denne utdanninga. Dei fleste (70 prosent) av dei kvinnelege lærarane var faglærarar med godkjend utdanning. 10 prosent av dei kvinnelege lærarane i heil post hausten 1965 hadde ikkje godkjend lærarutdanning, medan det tilsvarande talet for mannlege lærarar var 4 prosent.

Av timelærarane underviste 73 prosent berre i folkehøgskolen. 11 prosent hadde timelærarpost i folkehøgskolen og heil post i annan skole, og 16 prosent hadde timelærarpost både i folkehøgskolen og i annan skole.

## Søkjarar og opptekne elevar

Hausten 1965 kom det inn til folkehøgskolane til saman 13 428 søknader om elevplass. Det var vel 3 prosent fleire søknader enn året før. To tredjepartar søkte på førsteårskurs og ein tredjepart på andreårskurs. Om lag tre fjerdepartar av søkjarane var kvinner.

Tabell 3. Søkjarar og tilbod om opptak

Kurs	Søkjarar	Søkjarar som fekk tilbod om plass	Søkjarar som fekk tilbod om plass i prosent av søkjarar i alt		
			I alt	Menn	Kvinner
Førsteårskurs .....	8 945	5 151	58	75	52
Andreårskurs .....	4 483	3 078	69	84	63
I alt .....	13 428	8 229	61	78	55

Vel 61 prosent av søkjarane fekk tilbod om elevplass. Det var lettare å få plass på andreårskursa enn på førsteårskursa. For begge kursslaga vart mannlege søkjarar tilbode elevplass etter måten oftare enn dei kvinnelege.

Opptaksprosenten var og ulik i dei einskilte fylka. Lågast var den ved skolane i Nord-Trøndelag, der berre 41 prosent av søkjarane fekk tilbod om plass. I Finnmark fekk i alt 83 prosent tilbod om opptak.

I alt 2 283 søkjarar eller om lag 28 prosent trekte seg etter å ha fått tilbod om plass.

## Elevar etter kurs, kjønn og alder

Til saman hadde folkehøgskolane 5 946 elevar pr. 1. oktober 1965. Det var 161 eller snautt 3 prosent færre elevar enn eit år tidlegare. To tredjepartar av elevane var kvinner. Dei fleste elevane (62 prosent) gjekk på førsteårskurs. I fordelinga av elevane har det dei siste åra skjedd ei gradvis endring til etter måten fleire kvinnelege elevar og fleire elevar på andreårskurs.

Tabell 4. Elevar etter kurs og kjønn

Skoleår	Alle årskurs			Førsteårskurs			Andreårskurs		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
1961-62	5 257	1 937	3 320	4 138	1 469	2 669	1 119	468	651
1962-63	5 440	1 940	3 500	4 146	1 416	2 730	1 294	524	770
1963-64	5 881	2 025	3 856	4 108	1 390	2 718	1 773	635	1 138
1964-65	6 107	2 082	4 025	4 015	1 343	2 672	2 092	739	1 353
1965-66	5 946	1 987	3 959	3 690	1 211	2 479	2 256	776	1 480

I skoleåret 1961-62 var såleis 63 prosent av alle elevane kvinner. I skoleåret 1965-66 hadde dette talet auka til 67 prosent. Talet på elevar på andreårskurs auka samstundes frå 21 prosent av alle elevar i 1961-62 til 38 prosent i 1965-66.

Tabell 5. Elevar etter alder

Alder pr. 31. desember	Elevar				Prosent			
	1962	1963	1964	1965	1962	1963	1964	1965
15 år .....	14	3	3	4	0,3	0,1	0,1	0,1
16 " .....	1 434	1 191	897	630	26,3	20,3	14,7	10,6
17 " .....	2 524	2 873	2 974	2 872	46,4	48,8	48,7	48,3
18 " .....	984	1 137	1 487	1 586	18,1	19,3	24,3	26,6
19 " .....	264	395	410	472	4,8	6,7	6,7	7,9
20 " .....	75	120	149	155	1,4	2,0	2,4	2,6
21 år og over ..	145	162	187	182	2,7	2,8	3,1	3,1
Ikkje oppgjeve..	-	-	-	45	-	-	-	0,8
I alt .....	5 440	5 881	6 107	5 946	100,0	100,0	100,0	100,0

Fire femtepartar av folkehøgskoleelevane var fødde i åra 1947-49, det vil seia at dei ved utgangen av 1965 var 16-18 år gamle. Mest halvparten av elevane var 17-åringar. Samanlikna med tidlegare år har det for 16-åringar vore ein sterk nedgang i elevtalet. I staden har talet på eldre elevar auka. Dette heng i nokon mon saman med utbygginga av andreårskursa ved folkehøgskolane.

Av 1 000 ungdomar i alderen 16 år, var 10 elevar ved folkehøgskolane i 1965-66. Talet på elevar i alderen 17 år svara til 46 promille og i alderen 18 år til 25 promille av årskulla. Utrekningar for tidlegare år syner at det og etter måten har vorte færre 16-åringar og fleire 18-åringar som elevar ved folkehøgskolane.

#### Elevar etter heimstad

Meir enn tredjeparten av elevane ved folkehøgskolane høyrde heime i Vestlandfylka. Vel 30 prosent hadde heimstaden sin på Austlandet, medan 15 prosent av elevane kom frå Nord-Noreg, 13 prosent frå Trøndelag og 5 prosent frå Sørlandet. Om lag 1 prosent av elevane var utlendingar. I høve til folketalet i heimstadvfylka var det mest elevar frå Trøndelag og minst frå Austlandet.

Av dei einskilde heimstadvfylka var det etter måten høge elevtal i Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag. I desse fylka var meir enn 3 promille av innbyggjarane elevar ved folkehøgskolar i skoleåret 1965-66. Oslo og Bergen hadde lågare elevtal enn noko anna fylke. Desse byfylka har ikkje eigne folkehøgskolar.



Tabell 6. Elevar etter heimstad

Heimstad	Elevar i alt		Prosent		Pr.1000 innbyggjarar	
	1962-63	1965-66	1962-63	1965-66	1962-63 <sup>1)</sup>	1965-66 <sup>2)</sup>
Austlandet .....	1 643	1 797	30,3	30,2	0,93	0,99
Østfold .....	199	194	3,6	3,3	0,97	0,93
Akershus .....	171	229	3,2	3,9	0,71	0,86
Oslo .....	113	257	2,1	4,3	0,24	0,53
Hedmark .....	259	239	4,8	4,0	1,46	1,35
Oppland .....	324	282	6,0	4,7	1,95	1,68
Buskerud .....	226	207	4,2	3,5	1,34	1,09
Vestfold .....	186	187	3,4	3,1	1,06	1,14
Telemark .....	165	202	3,0	3,4	1,09	1,31
Sørlandet .....	301	321	5,5	5,4	1,60	1,67
Aust-Agder .....	132	110	2,4	1,9	1,71	1,42
Vest-Agder .....	169	211	3,1	3,5	1,53	1,85
Vestlandet .....	1 851	2 064	34,1	34,7	2,05	2,24
Rogaland .....	411	469	7,6	7,9	1,70	1,88
Hordaland .....	553	626	10,2	10,5	2,42	2,65
Bergen .....	71	99	1,3	1,7	0,61	0,84
Sogn og Fjordane ...	333	338	6,1	5,7	3,33	3,35
Møre og Romsdal ....	483	532	8,9	8,9	2,25	2,46
Trøndelag .....	749	775	13,8	13,0	2,27	2,31
Sør-Trøndelag .....	393	418	7,2	7,0	1,84	1,91
Nord-Trøndelag .....	356	357	6,6	6,0	3,05	3,06
Nord-Noreg .....	818	913	15,1	15,4	1,86	2,03
Nordland .....	365	405	6,7	6,8	1,53	1,66
Troms .....	252	305	4,7	5,2	1,97	2,33
Finnmark .....	201	203	3,7	3,4	2,77	2,72
Utlandet .....	65	76	1,2	1,3	..	..
I alt .....	5 427	5 946	100,0	100,0	1,50	1,60

1) Pr. 1. januar 1962.    2) Pr. 1. januar 1965.

Samanlikna med skoleåret 1962-63 har Vestlandet og Nord-Noreg auka sin prosentdel av elevtalet ved folkehøgskolane, medan det har vorte relativt færre elevar frå Trøndelag. Endringane er likevel små. Austlandet og Sørlandet hadde om lag same luten av elevane i 1965 som tre år tidlegare. Talet på elevar frå Oslo vart samstundes meir enn fordobla. Det var elles størst auke i talet på elevar frå Akershus, Rogaland og Hordaland. Frå Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud og Aust-Agder var det færre elevar i 1965 enn i 1962.

Det er i fyrste rekkje landsungdom som søkjer til folkehøgskolane. Nær tre femtepartar av elevane i 1965-66 kom frå grisgrendte heradskommunar, medan 25 prosent kom frå bykommunar og 15 prosent frå tettbygde heradskommunar. Dei kvinnelege elevane kom i større mon enn dei mannlege frå tettbygde stork. Tala tyder elles på at elevar ved folkehøgskolane no meir enn før kjem frå byar og tettbygde heradskommunar. Men omfattande endringar i kommunegrensene i dei

Tabell 7. Elevar etter kjønn og art av heimstadkommune

Heimstad	Elevar			Prosent			Pr. 1000 innbyg-gjarar <sup>1)</sup>
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner	
Bykommunar .....	1 494	426	1 068	25,1	21,4	27,0	0,98
Tettbygde heradskommunar	863	279	584	14,5	14,1	14,7	1,24
Forstadskommunar ....	357	98	259	6,0	4,9	6,5	0,96
Industrikommunar ....	232	79	153	3,9	4,0	3,9	1,29
Andre kommunar .....	274	102	172	4,6	5,2	4,3	1,91
Grisgrendte herads-kommunar .....	3 513	1 256	2 257	59,1	63,2	57,0	2,35
Jordbruks-, skogbruks- og fiskerikommunar ..	1 102	407	695	18,5	20,5	17,5	2,98
Andre kommunar .....	2 411	849	1 562	40,6	42,7	39,5	2,14
Utlandet .....	76	26	50	1,3	1,3	1,3	..
I alt .....	5 946	1 987	3 959	100,0	100,0	100,0	1,60

1) Pr. 1. januar 1965

siste åra gjer det ikkje mogleg å samanlikna beinveges oppgåvene for 1965 med tilsvarande oppgaver for 1962.

#### Elevar etter yrket til forsyrjar

Mest tredjeparten av hovudforsyrjarane til elevane var jordbrukarar, skogbrukarar eller fiskarar. Dei fleste av desse (90 prosent) var sjølvstendige næringsdrivande. Om lag 23 prosent av forsyrjarane var industriarbeidarar, i

Tabell 8. Elevar etter hovudyrke til forsyrjarane

Yrke	Elevar		Prosent		Alle menn 15 år og over. Prosent <sup>1)</sup>
	1962-63	1965-66	1962-63	1965-66	
Teknisk, vitskapleg, humanistisk og kunstnerisk arbeid .....	349	464	6,5	7,8	5,8
Administrasjons-, kontor- og handelsarbeid .....	672	864	12,4	14,5	11,5
Arbeid i jordbruk, skogbruk og fiske .....	2 133	1 907	39,3	32,1	21,2
Gruve-, industri-, bygg- og anleggsarbeid m.v. ....	1 212	1 373	22,3	23,1	34,9
Arbeid med transport, samferdsel, post og telesamband .....	479	508	8,8	8,6	11,2
Tenesteytande arbeid .....	190	217	3,5	3,6	3,9
Pensjonistar, rentenistar, trygda m.v. ....	241	288	4,4	4,8	11,4
Ikkje oppgjeve .....	151	325	2,8	5,5	0,1
I alt .....	5 427	5 946	100,0	100,0	100,0

1) Etter Folketeljinga 1960. Personar over 15 år som vert forsyrja er ikkje medrekna.

gruve-, byggje- og anleggsverksemd, eller laste-, losse- og lagerarbeidarar, 15 prosent hadde administrasjons-, kontor- eller handelsarbeid, 9 prosent arbeidde med transport, samferdsel, post og telesamband og om lag 8 prosent hadde teknisk, vitenskapleg, humanistisk eller kunstnerisk arbeid.

Ei samanlikning med oppgåver over yrkesfordelinga i Noreg, syner at ungdom frå jordbrukar-, skogbrukar- og fiskarheimar er sterkare representert på folkehøgskolane enn ungdom frå andre yrkesgrupper. I 1965-66 hadde såleis 32 prosent av forsyrgjarane jordbruk, skogbruk eller fiske som yrke. Etter folketeljinga i 1960 høyrde 21 prosent av alle mannlege yrkesutøvarar i landet til desse gruppene. På den andre sida er ungdom frå gruve- og industriarbeidarmiljø etter måten svakt representert ved skolane.

Det ser ut til at folkehøgskolane no rekrutterar elevane frå eit langt breidare lag av folket enn tidlegare. Dette kjem fram både ved at elevane, som nemnd ovafor, i større mon kjem frå byar og tettbygde strok og ved at deira yrkesmessige bakgrunn er endra. Frå 1962 til 1965 gjekk såleis talet på elevar frå jordbrukar-, skogbrukar- og fiskarheimar attende, trass i at det samla tal på elevar auka. For alle dei andre yrkesgruppene var det fleire elevar i 1965 enn tre år tidlegare. Auken var etter måten serleg sterk for gruppene teknisk, vitenskapleg, humanistisk og kunstnerisk arbeid og administrasjons-, kontor- og handelsarbeid.

#### Elevar etter tidlegare og planlagt vidare skolegang

Det er vanleg at elevane har ei eller anna form for vidaregåande opplæring før dei tek til på folkehøgskolen. Hausten 1965 var det såleis berre 3,4 prosent eller 200 elevar som tidlegare ikkje hadde hatt annan skolegang enn barneskolen. Dei fleste (77 prosent) hadde gått ein vidaregåande ålmennskole, og 19 prosent hadde fullført både vidaregåande ålmennskole og fagskole. Berre 1 prosent hadde gått fagskole, men ingen ålmennskole før dei tok til på folkehøgskolen.

Den vidaregåande ålmennooplæringa var for det meste ein framhaldsskole. I alt 46 prosent av elevane hadde framhaldsskole som høgste ålmenndaning, 26 prosent hadde tidlegare gått på folkehøgskole eller på 9-årig ungdomsskole, medan 24 prosent hadde gått realskole eller gymnas. Av elevar med fagopplæring hadde dei fleste merkantil skole eller yrkesskole for handverk og industri. Fagopplæringa til dei kvinnelege elevane var ofte husstellskole.

Oppgåvene over elevar i skoleåret 1965-66 syner elles at det etter kvart ikkje berre har vorte fleire med vidaregåande opplæring føre folkehøgskolen, men og at opplæringa har vorte meir vidfemnd. Det har vorte færre

Tabell 9. Elevar etter tidlegare skolegang

Tidlegare skolegang	Elevar		Prosent			
	1962-63	1965-66	1962-63	1965-66		
				I alt	Menn	Kvinner
<u>Ålmennskolar</u>						
Barneskole .....	407	263	7,5	4,5	6,2	3,5
Framhaldsskole .....	3 168	2 710	58,4	45,5	47,8	44,5
Folkehøgskole <sup>1)</sup> .....	649	898	11,9	15,1	15,4	15,0
Ungdomsskole <sup>2)</sup> .....	199	621	3,7	10,5	9,6	10,9
Realskole <sup>3)</sup> .....	953	1 362	17,6	22,9	19,6	24,5
Gymnas .....	51	92	0,9	1,5	1,4	1,6
I alt .....	5 427	5 946	100,0	100,0	100,0	100,0
<u>Fagskolar</u>						
Ingen fagskole .....	4 623	4 770	85,2	80,2	78,2	81,3
Fagskole i landbruk .....	39	41	0,7	0,7	1,8	0,1
Yrkesskole for handverk og industri .....	212	369	3,9	6,2	9,7	4,4
Sjømanns- eller fiskarfagskole.	40	45	0,7	0,8	2,3	-
Merkantil skole .....	306	563	5,7	9,5	7,2	10,6
Andre fagskolar .....	207	158	3,8	2,6	0,8	3,6
I alt .....	5 427	5 946	100,0	100,0	100,0	100,0
<u>Ålmennskolar og fagskolar</u>						
Ingen skolegang etter barne- skolen .....	331	200	6,1	3,4	4,6	2,7
Ålmennskole etter barneskolen..	4 292	4 570	79,1	76,8	73,6	78,5
Fagskole etter barneskolen ....	76	63	1,4	1,1	1,6	0,8
Både ålmen- og fagskole etter barneskolen .....	728	1 113	13,4	18,7	20,2	18,0
I alt .....	5 427	5 946	100,0	100,0	100,0	100,0

1) Inkl. elevar med både framhalds- og folkehøgskole. 2) Inkl. elevar med både ungdoms- og folkehøgskole. 3) Inkl. elevar med både realskole og folkehøgskole.

elevar med berre framhaldsskole som høgste ålmenndaning og fleire elevar med tidlegare folkehøgskole, ungdomsskole, realskole eller gymnas. Samanlikna med skoleåret 1962-63 gjekk talet på elevar med framhaldsskole ned frå 58 prosent til 46 prosent. Samstundes auka talet på elevar med folkehøgskole eller ungdomsskole som høgste ålmenndaning frå 16 prosent til 26 prosent, og talet på elevar med realskole eller gymnas frå snautt 19 prosent til over 24 prosent. Talet på elevar med fagskole auka frå 15 prosent i 1962-63 til 20 prosent i 1965-66.

Heile 81 prosent av elevane hadde planar om å halda fram med utdanninga alt hausten 1966. Nokre av dei andre elevane planla og vidare skolegang, men av ulike grunnar (militærtjeneste, praksisår o.a.) ville dei ikkje taka til før seinare. Nær 13 prosent hadde planar om å gå vidare på ålmenndanande skolar, medan 61 prosent av elevane hadde planar om vidare opplæring ved fagskolar. Om lag 7 prosent av elevane hadde planar om vidare skolegang hausten etter, men gav ikkje opp skoleslag.

Tabell 10. Elevar etter planar om vidare skolegang

Planlagd skolegang	Elevar			Prosent		
	I alt	Menn	Kvinner	I alt	Menn	Kvinner
Med plan om vidare skolegang						
hausten 1966 på:						
Folkehøgskole .....	580	153	427	9,8	7,7	10,8
Realskole .....	94	70	24	1,6	3,5	0,6
Gymnas .....	78	40	38	1,3	2,0	1,0
Fagskole i landbruk .....	151	144	7	2,5	7,2	0,2
Yrkesskole for handverk og industri .....	696	390	306	11,7	19,6	7,7
Sjømanns- eller fiskarfagskole.	50	44	6	0,8	2,2	0,2
Merkantil skole .....	365	117	248	6,1	5,9	6,3
Skole i helsestell .....	897	26	871	15,1	1,3	22,0
Husstellskole .....	584	5	579	9,8	0,2	14,6
Lærarskole .....	763	367	396	12,8	18,5	10,0
Annan fagskole .....	101	66	35	1,8	3,4	0,8
Universitet eller høgskole ....	23	11	12	0,4	0,6	0,3
Uvisst (skoleslag ikkje oppgjeve)	429	179	250	7,2	9,0	6,3
Utan plan om vidare skolegang						
hausten 1966 .....	1 135	375	760	19,1	18,9	19,2
I alt .....	5 946	1 987	3 959	100,0	100,0	100,0

I val av skoleslag var det stor skilnad mellom mannlege og kvinnelege elevar. Av mennene ville 20 prosent søkja yrkesskolar for handverk og industri, 19 prosent lærarskolar og snautt 6 prosent realskole eller gymnas. Nær 8 prosent ville halda fram med folkehøgskole året etter. Mellom kvinnene var interessa størst for skolar i helsestell. Heile 871 kvinnelege elevar eller 22 prosent planla å gå slike skolar, 15 prosent ville søkja husstellskolar, og 10 prosent hadde von om opptak på lærarskole. 11 prosent av dei kvinnelege elevane ville gå eit år til på folkehøgskole.

Oppgåvene synte og at planane om vidaregåande skole hang saman med den tidlegare skolegangen. Av dei folkehøgskoleelevane som på førehand berre hadde barneskole, var såleis 32 prosent utan planar om vidare skolegang. For elevar med framhaldsskole var tilsvarande tal 24 prosent, og mellom elevar med tidlegare folkehøgskole, ungdomsskole, realskole eller gymnas var det gjennomsnittleg berre 14 prosent som ikkje hadde planar om vidare skolegang etter avslutta folkehøgskole.

Fire femtepartar av elevane ville nytta folkehøgskolen som førebuande skole til anna utdanning anten dei kom frå tettbygde eller spredtbygde strok av landet. Det same galdt og utan omsyn til kva for yrke forsyrgjarane hadde, berre med unntak av elevar forsyrgja av pensjonistar, trygda m.v. Dei elevane hadde i mindre grad enn andre planar om vidare skolegang.

Tabell I. Folkehøgskolar etter art av hovudkurs, kven som driv skolen og skolefylke

Skolefylke	Skolar i alt	Av desse med:		Skolar drivne av:		
		Både første- og andre- årskurs	Berre første- årskurs	Fylkes- kom- munen	Kriste- lege organisa- sjonar	Faglege og huma- nitære organisa- sjonar o.a.
Østfold .....	3	3	-	1	1	1
Akershus .....	4	3	1	2	2	-
Hedmark .....	4	4	-	-	1	3
Oppland .....	7	6	1	2	1	4
Buskerud .....	4	4	-	2	1	1
Vestfold .....	2	2	-	1	1	-
Telemark .....	2	2	-	-	1	1
Aust-Agder .....	2	1	1	-	2	-
Vest-Agder .....	2	2	-	-	1	1
Rogaland .....	5	4	1	1	2	2
Hordaland .....	9	9	-	1	3	5
Sogn og Fjordane .....	5	5	-	1	3	1
Møre og Romsdal .....	6	6	-	-	4	2
Sør-Trøndelag .....	5	5	-	-	2	3
Nord-Trøndelag .....	4	4	-	-	1	3
Nordland .....	3	3	-	1	1	1
Troms .....	4	4	-	2	1	1
Finnmark .....	3	2	1	1	2	-
I alt .....	74	69	5	15	30	29

Tabell II. Lærarar etter utdanning, kjønn og skolefylke

Skolefylke	Lær- arar i alt	I heil post					I timepost			
		I alt	Lek- torar og ad- junk- tar	Lærarar med god- kjend utdan- ing (lærar- prøve)	Fag- lærarar med god- kjend utdan- ing	Lærarar eller fag- lærarar utan god- kjend utdan- ing	I alt	Time- lærarar til- sette i heil post i andre skolar	Time- lærarar til- sette i time- post også i andre skolar	Time- lærarar utan under- vis- ning i andre skolar
<b>Menn</b>										
Østfold .....	19	11	1	8	2	-	8	1	1	6
Akershus .....	24	15	5	8	2	-	9	3	2	4
Hedmark .....	21	19	1	16	2	-	2	-	1	1
Oppland .....	38	30	11	12	7	-	8	1	3	4
Buskerud .....	23	19	6	9	3	1	4	1	1	2
Vestfold .....	14	11	4	4	1	2	3	-	1	2
Telemark .....	11	11	2	7	2	-	-	-	-	-
Aust-Agder ....	14	14	1	9	4	-	-	-	-	-
Vest-Agder ....	15	10	1	7	2	-	5	3	2	-
Rogaland .....	33	27	4	17	4	2	6	-	1	5
Hordaland .....	64	45	6	32	4	3	19	8	3	8
Sogn og Fjordane	29	21	4	10	6	1	8	1	3	4
Møre og Romsdal	37	27	4	19	4	-	10	-	4	6
Sør-Trøndelag..	28	24	9	12	3	-	4	1	-	3
Nord-Trøndelag.	23	19	8	9	2	-	4	-	1	3
Nordland .....	18	15	2	10	3	-	3	1	-	2
Troms .....	22	16	3	10	-	3	6	-	1	5
Finmark .....	11	8	1	5	2	-	3	1	-	2
I alt .....	444	342	73	204	53	12	102	21	24	57
<b>Kvinner</b>										
Østfold .....	10	3	-	1	2	-	7	-	1	6
Akershus .....	17	11	-	2	9	-	6	-	-	6
Hedmark .....	16	10	-	1	8	1	6	-	-	6
Oppland .....	24	14	-	1	12	1	10	-	2	8
Buskerud .....	25	13	2	1	6	4	12	-	2	10
Vestfold .....	12	9	-	2	6	1	3	1	-	2
Telemark .....	6	5	1	-	4	-	1	1	-	-
Aust-Agder ....	5	4	-	1	3	-	1	-	-	1
Vest-Agder ....	5	5	-	-	5	-	-	-	-	-
Rogaland .....	22	12	-	1	11	-	10	-	1	9
Hordaland .....	33	21	1	6	13	1	12	1	-	11
Sogn og Fjordane	17	12	-	3	6	3	5	-	1	4
Møre og Romsdal	23	17	-	2	12	3	6	-	1	5
Sør-Trøndelag..	17	10	-	2	8	-	7	-	1	6
Nord-Trøndelag.	14	8	1	1	6	-	6	-	-	6
Nordland .....	15	7	-	1	5	1	8	-	-	8
Troms .....	16	12	-	4	7	1	4	-	1	3
Finmark .....	15	10	-	3	5	2	5	-	-	5
I alt .....	292	183	5	32	128	18	109	3	10	96
Lærarar i alt..	736	525	78	236	181	30	211	24	34	153

Tabell III. Søkjarar i alt og søkjarar som fekk tilbod om plass etter kjønn og skolefylke

Skolefylke	Søkjarar			Søkjarar som fekk tilbod om plass			Søkjarar som fekk tilbod om plass i prosent av søkjarar i alt
	I alt	Første-års-kurs	Andre-års-kurs	I alt	Første-års-kurs	Andre-års-kurs	
<b>Menn</b>							
Østfold .....	113	43	70	71	28	43	62,8
Akershus .....	165	122	43	121	78	43	73,3
Hedmark .....	186	105	81	159	87	72	85,5
Oppland .....	283	187	96	234	148	86	82,7
Buskerud .....	213	122	91	156	83	73	73,2
Vestfold .....	89	57	32	76	48	28	85,4
Telemark .....	67	41	26	67	41	26	100,0
Aust-Agder .....	143	104	39	127	88	39	88,8
Vest-Agder .....	78	42	36	60	28	32	76,9
Rogaland .....	278	185	93	226	137	89	81,3
Hordaland .....	404	235	169	363	204	159	89,9
Sogn og Fjordane ..	185	122	63	153	110	43	82,7
Møre og Romsdal ...	300	204	96	214	138	76	71,3
Sør-Trøndelag .....	275	186	89	195	134	61	70,9
Nord-Trøndelag ....	282	180	102	167	100	67	59,2
Nordland .....	154	108	46	120	76	44	77,9
Troms .....	158	109	49	130	85	45	82,3
Finmark .....	99	78	21	81	62	19	81,8
I alt .....	3 472	2 230	1 242	2 720	1 675	1 045	78,3
<b>Kvinner</b>							
Østfold .....	239	134	105	155	89	66	64,9
Akershus .....	702	615	87	273	200	73	38,9
Hedmark .....	787	442	345	359	208	151	45,6
Oppland .....	934	635	299	534	357	177	57,2
Buskerud .....	922	540	382	329	190	139	35,7
Vestfold .....	319	267	52	163	122	41	51,1
Telemark .....	259	195	64	181	131	50	69,9
Aust-Agder .....	180	107	73	106	60	46	58,9
Vest-Agder .....	213	116	97	171	88	83	80,3
Rogaland .....	608	411	197	398	235	163	65,5
Hordaland .....	1 306	830	476	802	477	325	61,4
Sogn og Fjordane ..	398	255	143	292	188	104	73,4
Møre og Romsdal ...	562	404	158	386	229	157	68,7
Sør-Trøndelag .....	743	495	248	365	219	146	49,1
Nord-Trøndelag ....	725	436	289	249	139	110	34,3
Nordland .....	418	349	69	263	204	59	62,9
Troms .....	448	334	114	321	215	106	71,7
Finmark .....	193	150	43	162	125	37	83,9
I alt .....	9 956	6 715	3 241	5 509	3 476	2 033	55,3
Alle elevar .....	13 428	8 945	4 483	8 229	5 151	3 078	61,3



Tabell IV. Elevar etter alder, kjønn og skolefylke

Skolefylke	Alder pr. 31/12 1965									
	I alt	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år	20 år	21 år	22 år og over	Ikkje oppgjjeve
<b>Menn</b>										
Østfold .....	63	-	2	22	12	10	6	2	7	2
Akershus .....	93	-	13	26	25	19	4	1	4	1
Hedmark .....	117	-	8	53	28	17	4	3	3	1
Oppland .....	144	-	16	64	33	15	8	1	7	-
Buskerud .....	112	-	9	40	37	15	3	2	5	1
Vestfold .....	60	-	8	34	15	2	-	-	1	-
Telemark .....	46	-	10	22	7	-	2	1	3	1
Aust-Agder .....	92	1	12	46	15	5	1	5	6	1
Vest-Agder .....	46	-	10	21	10	4	-	1	-	-
Rogaland .....	171	-	32	84	37	8	3	2	5	-
Hordaland .....	235	-	45	112	54	11	3	3	6	1
Sogn og Fjordane	121	-	50	44	20	2	1	2	-	2
Møre og Romsdal	174	-	44	75	35	9	2	3	6	-
Sør-Trøndelag..	132	-	27	59	25	10	5	1	2	3
Nord-Trøndelag.	136	-	14	62	44	14	2	-	-	-
Nordland .....	88	-	10	42	25	1	4	1	2	3
Troms .....	99	-	18	42	27	3	3	1	2	3
Finnmark .....	58	-	13	34	9	2	-	-	-	-
I alt .....	1 987	1	341	882	458	147	51	29	59	19
Førsteårskurs..	1 211	1	328	555	199	61	20	8	26	13
Andreårskurs ..	776	-	13	327	259	86	31	21	33	6
<b>Kvinner</b>										
Østfold .....	125	-	16	50	36	10	1	5	6	1
Akershus .....	202	-	7	70	64	35	15	6	2	3
Hedmark .....	215	-	2	97	86	18	7	1	1	3
Oppland .....	351	-	14	186	100	21	16	4	7	3
Buskerud .....	242	-	7	93	92	38	7	1	3	1
Vestfold .....	126	-	-	72	44	7	2	1	-	-
Telemark .....	121	-	3	71	36	8	-	2	-	1
Aust-Agder .....	91	-	2	51	23	7	2	-	5	1
Vest-Agder .....	134	-	7	76	35	10	2	2	2	-
Rogaland .....	294	2	9	157	91	20	5	4	6	-
Hordaland .....	524	-	34	264	142	53	19	2	5	5
Sogn og Fjordane	240	-	66	118	36	12	4	2	1	1
Møre og Romsdal	305	-	48	161	62	18	7	2	4	3
Sør-Trøndelag..	253	-	18	122	85	16	6	1	4	1
Nord-Trøndelag.	208	-	2	108	71	19	4	1	2	1
Nordland .....	186	-	3	122	48	8	2	2	1	-
Troms .....	232	-	20	120	60	20	3	2	5	2
Finnmark .....	110	1	31	52	17	5	2	-	2	-
I alt .....	3 959	3	289	1 990	1 128	325	104	38	56	26
Førsteårskurs..	2 479	3	277	1 388	546	155	54	19	27	10
Andreårskurs ..	1 480	-	12	602	582	170	50	19	29	16
Alle elevar ...	5 946	4	630	2 872	1 586	472	155	67	115	45

Tabell V. Elevar etter alder, kurs og skolefylke

Skolefylke	Alder pr. 31/12 1965									
	I alt	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år	20 år	21 år	22 år og over	Ikkje oppgjeve
<b>Førsteårskurs</b>										
Østfold .....	91	-	18	42	20	6	1	2	1	1
Akershus .....	215	-	16	65	62	44	14	5	6	3
Hedmark .....	186	-	10	89	54	20	5	2	3	3
Oppland .....	352	-	29	188	78	26	15	4	12	-
Buskerud .....	179	-	14	80	57	18	3	2	4	1
Vestfold .....	140	-	8	87	38	5	1	1	-	-
Telemark .....	108	-	13	70	20	2	-	-	1	2
Aust-Agder .....	120	1	14	63	22	7	3	2	8	-
Vest-Agder .....	79	-	16	52	6	2	2	-	1	-
Rogaland .....	279	2	40	158	62	11	4	1	1	-
Hordaland .....	434	-	73	232	90	24	8	1	4	2
Sogn og Fjordane	215	-	110	78	19	5	1	-	-	2
Møre og Romsdal.	316	-	90	166	38	11	4	2	5	-
Sør-Trøndelag ..	225	-	43	121	44	3	7	2	2	3
Nord-Trøndelag..	208	-	16	130	44	14	1	1	2	-
Nordland .....	191	-	13	135	33	7	1	-	-	2
Troms .....	225	-	38	125	42	9	3	2	2	4
Finmark .....	127	1	44	62	16	2	1	-	1	-
I alt .....	3 690	4	605	1 943	745	216	74	27	53	23
Menn .....	1 211	1	328	555	199	61	20	8	26	13
Kvinner .....	2 479	3	277	1 388	546	155	54	19	27	10
<b>Andreårskurs</b>										
Østfold .....	97	-	-	30	28	14	6	5	12	2
Akershus .....	80	-	4	31	27	10	5	2	-	1
Hedmark .....	146	-	-	61	60	15	6	2	1	1
Oppland .....	143	-	1	62	55	10	9	1	2	3
Buskerud .....	175	-	2	53	72	35	7	1	4	1
Vestfold .....	46	-	-	19	21	4	1	-	1	-
Telemark .....	59	-	-	23	23	6	2	3	2	-
Aust-Agder .....	63	-	-	34	16	5	-	3	3	2
Vest-Agder .....	101	-	1	45	39	12	-	3	1	-
Rogaland .....	186	-	1	83	66	17	4	5	10	-
Hordaland .....	325	-	6	144	106	40	14	4	7	4
Sogn og Fjordane	146	-	6	84	37	9	4	4	1	1
Møre og Romsdal.	163	-	2	70	59	16	5	3	5	3
Sør-Trøndelag ..	160	-	2	60	66	23	4	-	4	1
Nord-Trøndelag..	136	-	-	40	71	19	5	-	-	1
Nordland .....	83	-	-	29	40	2	5	3	3	1
Troms .....	106	-	-	37	45	14	3	1	5	1
Finmark .....	41	-	-	24	10	5	1	-	1	-
I alt .....	2 256	-	25	929	841	256	81	40	62	22
Menn .....	776	-	13	327	259	86	31	21	33	6
Kvinner .....	1 480	-	12	602	582	170	50	19	29	16

Tabell VI. Elevar etter kjønn, bustad og skolefylke

Skolefylke	Alle elevar					Menn					Kvinner				
	I alt	Bur på skolen	Bur heime	Bur på hybel hos private	Annan bustad	I alt	Bur på skolen	Bur heime	Bur på hybel hos private	Annan bustad	I alt	Bur på skolen	Bur heime	Bur på hybel hos private	Annan bustad
Østfold .....	188	157	27	4	-	63	55	7	1	-	125	102	20	3	-
Akershus .....	295	285	10	-	-	93	89	4	-	-	202	196	6	-	-
Hedmark .....	332	309	19	1	3	117	102	12	-	3	215	207	7	1	-
Oppland .....	495	401	35	55	4	144	110	14	20	-	351	291	21	35	4
Buskerud .....	354	312	31	11	-	112	102	8	2	-	242	210	23	9	-
Vestfold .....	186	136	50	-	-	60	47	13	-	-	126	89	37	-	-
Telemark .....	167	139	27	1	-	46	39	7	-	-	121	100	20	1	-
Aust-Agder .....	183	169	14	-	-	92	83	9	-	-	91	86	5	-	-
Vest-Agder .....	180	163	16	1	-	46	42	3	1	-	134	121	13	-	-
Rogaland .....	465	433	32	-	-	171	157	14	-	-	294	276	18	-	-
Hordaland .....	759	708	40	11	-	235	218	16	1	-	524	490	24	10	-
Sogn og Fjordane.	361	326	30	5	-	121	109	11	1	-	240	217	19	4	-
Møre og Romsdal .	479	411	51	17	-	174	157	16	1	-	305	254	35	16	-
Sør-Trøndelag ...	385	343	39	2	1	132	120	11	-	1	253	223	28	2	-
Nord-Trøndelag ..	344	300	35	9	-	136	123	13	-	-	208	177	22	9	-
Nordland .....	274	248	26	-	-	88	74	14	-	-	186	174	12	-	-
Troms .....	331	278	47	6	-	99	84	14	1	-	232	194	33	5	-
Finnmark .....	168	146	12	9	1	58	46	4	8	-	110	100	8	1	1
I alt .....	5 946	5 264	541	132	9	1 987	1 757	190	36	4	3 959	3 507	351	96	5

Tabell VII. Elevar etter heimstadfylke og skolefylke

Skole- fylke	I alt	Heimstad- fylke																				
		Østfold	Akershus	Oslo	Hedmark	Oppland	Buskerud	Vestfold	Telemark	Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finmark	Utlandet
Østfold ..	188	96	8	19	13	6	6	7	2	-	-	4	3	-	1	2	2	8	4	4	1	2
Akershus .	295	35	83	55	14	8	8	4	7	-	4	9	4	-	3	15	11	3	9	4	3	16
Hedmark ..	332	15	45	50	151	26	8	2	4	-	2	1	4	2	1	1	3	-	3	3	4	7
Oppland ..	495	10	36	54	42	223	24	5	9	-	4	6	7	2	5	12	26	10	3	4	5	8
Buskerud .	354	20	24	32	5	11	142	46	15	1	5	3	15	1	2	-	3	8	2	1	5	13
Vestfold .	186	7	4	8	3	-	1	94	9	11	22	-	-	1	-	3	-	4	15	-	1	3
Telemark .	167	1	2	4	1	2	3	12	120	4	4	2	2	-	-	1	1	1	7	-	-	-
Aust-Agder	183	4	3	5	1	-	2	5	11	72	37	11	11	1	4	3	-	2	3	5	1	2
Vest-Agder	180	1	1	3	-	-	3	2	8	17	109	25	-	1	1	-	4	-	1	-	1	3
Rogaland .	465	2	2	3	1	1	3	5	5	3	19	330	60	8	-	4	1	-	10	3	4	1
Hordaland.	759	-	14	12	1	2	5	4	10	1	4	74	493	74	33	9	1	2	1	1	4	14
Sogn og Fjordane	361	2	5	6	1	1	-	-	1	-	-	2	21	9	282	18	10	2	-	-	1	-
Møre og Romsdal.	479	1	-	3	-	1	-	1	1	-	1	1	6	-	5	433	13	5	2	2	1	3
Sør- Trøndelag	385	-	2	1	5	1	2	-	-	-	-	-	-	-	-	22	284	55	7	3	1	2
Nord- Trøndelag	344	-	-	1	1	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	7	58	245	27	1	-	2
